



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Torsdag 11. jan. 2022 kl. 20:00
Stad:	Zoom videochat
Tilstades:	Erik Bloch, Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Karl Andreas Karlsen, Magnus M. Aronsen (vara), Haral-Andreas Hansen (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Solveig Lanes, Sigbjørn Tveit(vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 09/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 10/2022	Godkjenning av referat frå styremøte 04. januar 2022
RK-sak 11/2022	Rekneskap for 2021
RK-sak 12/2022	Disponering av kretsen sine midlar
RK-sak 13/2022	Endring i retningslinjer
RK-sak 14/2022	Digitalt eller fysisk kretsting?

Eventuelt

RK-sak 09/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og sakliste vert godkjent.

RK-sak 10/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 04. januar 2022

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 04. januar 2022 vert godkjent.

RK-sak 11/2022: Rekneskap for 2021

Ingen merknadar.

VEDTAK: Rekneskap for 2021 vert godkjent.

RK-sak 12/2022: Disponering av kretsen sine midlar

Dei siste ti åra har økonomien til kretsen jamt og trutt betra seg og i dag har kretsen nærare ein million kroner ståande på bankkonto. Største delen av inntektene er komen frå kretsleirar, men også den årlege drifta til kretsen har jamt over gitt positivt resultat.

Sjølv om kretstinget handsamar budsjett for kvart år og slik sett har god styring på økonomien i kretsen, ser kretsstyret at det kan vere fornuftig at kretstinget frå tid til anna også drøftar kretsen sin økonomiske situasjon i eit litt større og lenger perspektiv.

Kretsstyret ønskjer at kretstinget drøftar kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv og kjem med innspel som styret kan ta med seg i det vidare arbeidet.

VEDTAK: Forslag til drøftingssak om kretsen sine midlar vert godkjent for framlegging på kretstingets årsmøte.

RK-sak 13/2022: Endring i retningslinjer

Kretsstyret har gått gjennom retningslinjene for utval speiding, kretskonkurransen og leirplassen. Her ynskjer dei å endre på nokre retningslinjer slik at det passer betre overeins med korleis utvala/komiteane vert drifta. Kretsstyret drøfta kven som skal velje leiar for utvala/komiteane, kor mange medlemmar dei skal ha og kor lenge ein kan sitje i utvala/komiteane.

VEDTAK: Kretssekretær lagar eit forslag til endring i retningslinjer.

RK-sak 14/2022: Digitalt eller fysisk kretsting?

Kretsstyret har tatt den nåverande smittesituasjonen i betraktning, og meiner ut i frå den at det er for høge smittetal til at kretsen kan samlast til fysisk kretsting.

VEDTAK: Kretstingets årsmøte 2022 vert digitalt.

Eventuelt

- Kretsstyret diskuterte den komande kretsleiren, og at planlegginga ikkje er starta enda. Planlegginga bør starte ganske snart. Hildegunn tek kontakt med Endre i Hordaland Krins. I etterkant har det kome invitasjon til felles møte om kretsleiren. Det er føreslått ein felles leir med alle NSF og KM-gruppene i Vestland. Møte er 27.januar.